



## **Kursinvitasjon SAFFA.**

**Sørmarka kurs- og konferansesenter lørdag og søndag 8. og 9. januar 2011.**

### **Hovudtema dans:**

#### **Tretaktdansar i tradisjon frå oslofjordområdet**

Dei ulike springdanstypene frå flatbygdene på Austlandet har kome sterkt i fokus dei siste åra. Finnskogpolsen/Gammelpolsen med det korte trearslaget i takta er i ferd med å bli populær, samtidig som enklare former for springdans i ei jamn tretakt er redefinert både på Hadeland, i Aurskog-Høland, Østfold/Follo og Vestfold.

På kurset i januar vil dette bli hovudtema og behandla i ei blanding av teoretisk/historisk perspektiv og ei solid praktisk innføring. **Tone Eidsvold** og **Marianne Dahl** vil ha hovudansvaret for dette kurset. **Veslemøy Nordset** vil vera instruktør i Finnskogpols - med svenske **Eva Karlsson** som dyktig musikkfølge.

### **Tilleggstema dans:**

#### **Turdansar frå oslofjordregionen**

Det er god grunn til å setta ekstra fokus på det rikhaldige utvalget av turdansar frå vårt eige område. Her er det snakk om langt meir enn Åttetur frå Asker og Firetur frå Romerike. Dette kurset er det også Tone og Marianne som har det faglege ansvaret for.

### **Musikk til tretaktdansane**

**Mats Johansson** bur nå på Holmlia, men underviser ved folkemusikkstudiet i Rauland. Han har ein fersk doktorgrad på tretaktmusikken til dei gamle danseformene. Han er dermed den aller beste til å setta temaet i eit faglege perspektiv. Han vil ta for seg lokalt tradisjonsmateriale og gi opplæring i godt dansespel. Det blir eit eige kurs for musikk til Finnskogpols/Gammelpols med **Eva Karlsson** søndag. Noter og lydfiler vil bli tilgjengeleg for dei som melder seg.

### **Gruppeinstruksjon for musikarar**

Denne opplæringsideen er blitt til som eit resultat av erfaringane frå mange SAFFA-kurs. Spelemannslag og andre samspelgrupper føler ofte behov for fagleg tilbakemelding og gode råd om sitt arbeid. Her kan større og mindre lag/grupper melda seg på kollektivt - få eit fast øvingsrom og ein instruktør som kan gi gode tips om det å få til betre dansemusikk. **Terje Bekkedal** er årets instruktør. Terje er multikunstnar og ein fantastisk inspirerande instruktør. Hans bakgrunn bl. a. med oppbygginga av Steinsgårdskroken spell og danselag saman med kona er kjent for dei fleste i miljøet.

For dei som ønskjer det kan kurset starta opp med miniseminar om tretaktdansar i austlandsregionen. Alle grupper får anledning til å visa sine kunster i ei økt med dansespel lørdag kveld.

Dei som melder seg på dette kurset må senda noter/lydfilet for det på førehand

### **Gudbrandsdalsspel**

#### **Trekkspelet og fele**

Suksessen frå sist kurs vil bli ført vidare. **Tonje Lien Barkenæs og Stein Magne Eggen** har samla eit knippe med gode runddansslåttar frå Gudbrandsdalen - ikkje blant dei mest kjende - og krydra dei med spennande arrangement. Stoffet vil så bli presentert i eit integrert kursopplegg for fele og trekkspelet. **Vågåspringleik** vil du også få ei innføring i under kurset. Du får øving i å læra etter øyre, men samtidig vil det bli utsend både noter og lydfilet for dei som melder seg på kurset.

### **Folkemusikk-kurs for barn**

Dette kurset lørdag er retta mot barn som spelar fele. Det er **Marianne Thomsgård, Agneta Holmer Mæland og Elisabeth Olhans** som er instruktørar - alle tre med solid erfaring frå folkemusikkarbeid i kulturskolane.

Kurspris pr. person med overnatting i enkeltrom	kr. 1 620,-
Kurspris pr. person med overnatting i dobbeltrom	kr. 1 420,-
Kurspris pr. person utan overnatting, men med lunsj og middag	kr. 980,-
Kurspris pr. person bare for lørdagen, med lunsj og middag	kr. 920,-
Kurspris barn lørdag kl. 09.00- 17.30	kr. 420,-

Kursavgifta kan betalast til bankkontonr.: 0530.35.85577

**Påmelding til [post@saffa.no](mailto:post@saffa.no) eller tel. 9066 6867 Nils Seland innan 15. des.**

Vel møtt til kurs.

**SAFFA**

**Samarbeidsorganet for folkedans og folkemusikk**